

Volda, 30.04.20

Høyringsvar frå AU i Studentparlamentet – Retningslinjer for personvern og digitale læringsressursar ved HVO

Arbeidsutvalet (AU) i Studentparlamentet handsama utkastet til nye retningslinjer digitalt via e-postutveksling og videokonferanse i perioden 29.-30. april. Her er AU sine tilbakemeldingar og innspel til saka.

Tydelege og ryddige retningslinjer

AU synest det er bra at HVO får på plass tydelege og ryddige retningslinjer for personvern og digitale læringsressursar ved HVO. Den spesielle koronavåren har gjort desse spørsmåla ekstra aktuelle, men også sett bort i frå koronasituasjonen med full digital undervisning, er det viktig for studentane å vite kva rettar og plikter dei har knytt til samtykke og informasjon ved strøyming av undervisninga. Det er eit godt grep å kople direkte til lovverk og andre informasjonssider i retningslinjene og i døma på informasjonstekstar.

Informasjon til studentane

Det er viktig at studentane får informasjon om retningslinjene enkelt tilgjengeleg. Studentane treng informasjon om korleis det enkelte emne og studium vil nytte seg av dei ulike moglegheitene som ligg i retningslinjene for digitale læringsressursar, kva lovverk og lovheimlar bruken er kopla til, og moglegheitene for eventuelt å reservere seg eller unngå å bli filma/gjort lydopptak av.

Det er også viktig at denne informasjonen finst tilgjengeleg på engelsk for våre internasjonale studentar.

Det kan også vere nyttig å lage ein kortversjon av regelverket for studentane, evt. tilpassa ulike studentgrupper, i form av eit digitalt infohefte, gjennom videosnuttar e.l.

Venleg helsing

Trym Nikolas Rimmen
Leiar for Studentparlamentet